

Kyrkje/kulturbygg på Frekhaug.

Behovsanalyse for kyrkjebygg

Innhold

Kyrkje/kulturbygg på Frekhaug	1
Innleiing	2
Visjon	2
Mål	2
Bakgrunn, trongen for ei ny kyrkje.....	2
Folkeveksten, kommune og kyrkje.....	3
Folketalsprognosar	3
Meland kyrkje - midt i - men usentral.....	4
Meland kyrkje er for trong.....	4
Dåp	5
Søndagsskulen	5
Mangel på stad til kyrkjekaffi, kjøkken, lagerplass og arbeidsrom for kyrkjetenar.....	5
Utvide tilbygget?.....	6
Kyrkjerommet sine manglar.....	6
Område den nye kyrkja skal dekke	7
Andre kyrkjelege tilbod og bygg.....	7
Kva med Knarvik kyrkje?	7
Erfaringar med Møteplassen	8
Kyrkjeutvalet	8
Kyrkjeutvalet sitt mandat og vidare utgreiing	9
Kvifor Frekhaug- liv i sentrum 7-11.....	9
Kva for bygg tenkjer ein seg?	9
Behova og romma	10
Kva behov har kyrkjelyden.....	10
Romprogram kyrkja sine behov	11
Kva kan vere sambruk?.....	11

Innleiing

Dette dokumentet er eit produkt av arbeidet som kyrkjeutvalet for planlegging av ny kyrkje/kulturhus har gjort dei seinare åra.

Det er først og fremst kyrkjelyden sine behov som er drøfta i dette dokumentet.

Utvalet har også gjort sine tankar om kva behov kommunen kunne ha, men har sett at det var behov for at kommunen sjølv måtte kome inn med egne vurderingar.

Til no har vi først og fremst skildra behova. Å vurdere kor mange rom som trengst i ein konklusjon er litt meir krevjande, sidan mange rom kan nyttast om kvarandre og må sjåast i samanheng med kva behov som kommunen signaliserer for kulturdelen. Vi treng meir drøftingar saman. Vi ser på det som ei viktig utfordring for ein arkitekt å foreslå korleis ein kan få utnytta romma godt

Både i analysen av kyrkjelyden sine egne behov og sambruken med eit kulturbygg tyder mykje på at eit inngangsparti som knutepunkt og vrimleareal vert viktig for dette bygget.

Visjon

Frekhaug kyrkje/kulturhus – nær Gud – nær menneske.

Mål

Byggja ein møteplass for Gud og menneske som er romsleg og raus, offensiv og realiserbar

-Eit kyrkjerom med sakralt preg

Ein stad for undring og tilbeding, for glede og sorg, kvardag og høgtid.

-Eit kyrkjetorg der menneske møtast, og venskap kan knytast,

-Samtidig eit fleirbrukshus og kulturhus

-Mange nok, store nok og tenlege rom, med plass for menneske i alle aldrar.

Bakgrunn, trongen for ei ny kyrkje

Biskop Per Lønning peikte i visitas i 1990 på trongen for ny kyrkje i Meland. Allereie då hadde kommunen tydeleg vekst og den einaste kyrkja i kommunen låg fleire kilometer vekk frå alle utbyggingsområda. Av historiske grunnar – ikkje minst tidlegare omstrukturering i kommunane - har Meland berre ei kyrkje. Den nordlege delen av kommunen har fram til sist kommunesamanslåing i 1964 høyrte til Herdla kommune og Herdla kyrkjesokn.

Meland sokneråd har vurdert ulike alternativ for plassering, men slo i 2003 fast at den nye kyrkja måtte kome på Frekhaug, som er det området med sterkast vekst og størst konsentrasjon av busetjing. Det har vorte vurdert ulike tomter på Frekhaug, mellom anna «Meieritomta» og ei tomt på Langeland. I samband med arbeidet for områdeplan for Frekhaug 2009 bad soknerådet kommunen om å sikre seg tomte på gnr 23.bnr 10. Tomta er avsett til offentlege formål/kyrkje på områdeplanen. Tomta er enno ikkje kjøpt.

Frekhaug er kommunesentrum i Meland, har dei fleste offentlege tenestetilbod, den einaste plassen med matbutikker pr. d.d og den staden der det er lettast å busetje seg utan å vere avhengig av eigen bil. Sidan har berre veksten på Frekhaug halde fram på same måte.

I arbeidet med områdeplan for Frekhaug sentrum kom tanken om å bygge eit komibert kultur- og kyrkjebygg opp. Kommunestyret bad soknerådet om å arbeide vidare med denne modellen, noko som har vorte gjort dei seinare åra.

Folkeveksten, kommune og kyrkje

Folketalet har sidan 2000 auka med 50 % i Meland, det er ingen andre kommunar i Hordaland som har større auke. Meland er mellom dei raskast veksande kommunane i landet.

Meland kommune er ein pendlarkommune i stor grad, men det er også vekst i lokalt næringsliv.


Folketilveksten er utfordrande for kommunen på alle område: oppvekstsektoren, helse- og sosial-sektoren, veg-, vatn og anlegg-sektoren. Så mange behov har stått i kø på prioriteringslista at ein ikkje i stor nok grad har klart å prioritere det som handlar om innbyggjarane si fritid og førebyggjande tiltak. Eit døme er at fritidsklubben vart lagt ned for ein del år sidan, og har så vidt fått ein ny start det siste året.

Det er lett å tenke seg at den viktigaste utfordringa ved folkevekst er å bygge ut tilbodet for barn og unge. Men i Frekhaug-området er det også merkbart at ei anna aldersgruppe treng ulike tilbod. Mange eldre flyttar frå einbustadar rundt om i kommunen, eller frå andre kommunar og buset seg i Frekhaugområdet med tanke på å klare seg utan bil, i ei leiligheit med universell utforming. Busette flyktingar manglar også bil, spesielt dei første åra, og bur eller ønskjer å bu sentralt i kommunen.

Kyrkja merkar også folkeveksten godt. Melands innbyggjarar er i stor grad medlemmer i Den norske kyrkja (over 80%) og nyttar kyrkja sine tilbod ved dei store merkedagane i stor grad. (Når det gjeld gravferdsremoniar og brurevigsler er også ikkje-medlemmer brukarar av kyrkjerommet, men då som leigetakarar.) Rammevilkåra for kyrkja i form av hus og tilskot til drift har derimot i liten grad endra seg sidan år 2000. Det fører til at det same talet på tilsette og den same vesle 150 år gamle kyrkjebygningen skal tene ein stadig aukande medlemsmasse. Kyrkjelyden har i mange år arbeidd for å skaffe seg andre inntekter, først og fremst gaver, for å finansiere stillingar, og har difor motvirka problemet noko

Folketalsprognosar

I følgje SSB sine prognosar vil folkeveksten i Meland halde fram. Som ein del av den generelle venta eldrebølgja vil også ein her i Meland få ein større andel eldre innbyggjarar enn før.




Meland kyrkje - midt i - men usentral

Namnet Meland tyder « i midten» og kyrkja ligg på sett og vis midt på sørlege del av Holsnøy. Men elles er plassering alt anna enn sentral. Ingen av dei nyare byggefelta ligg i nærleiken av kyrkja, alle blir bygd nær sjøkanten. Svært få av Meland sine innbyggjar har gangavstand til kyrkja, slik vi tenker gangavstand i vår tid.

Det er dei svakaste gruppene som lir under at kyrkja ligg usentralt. Det er ikkje offentleg busstransport til Meland som vil vere tenleg for arrangementa der. Mange eldre utrykker at det er vanskeleg å kome seg til kyrkja. Jamvel dei eldre med bil og sertifikat kvir seg for å køyre opp på dei smale, svingete og bratte vegane til kyrkja, spesielt på vinterstid.

Det er vanskeleg å finne fram til kyrkja for nye besøkarar. Kyrkja er ikkje synleg frå det ein må kunne rekne som hovudvegane i kommunen.

Born og unge blir avhengige av at nokon kan køyre dei til kyrkja om dei skal dit. Det same gjeld vaksne og eldre utan eigen bil. I det siste har kyrkjelyden fått kontakt med mange flyktningar og andre innvandrarar gjennom det internasjonale arbeidet. Svært få av dei har eigen bil. Det gjer det vanskelegare å integrere dei som ønskjer det i det vanlege kyrkjelydsarbeidet at dei vert avhengig av å skaffe seg skyss med andre for å kome seg til gudstenesta.



Meland kyrkje er for trang

Meland kyrkje, som fylte 150 år i 2016, er no altfor liten for dei behova kyrkjelyden har. Det er høgt medlemstal i kommunen, og i tillegg er kyrkjelyden av det aktive slaget med stort aktivitetsnivå knytt til gudstenestene. Spesielt merkast dette på mangel på gode løysingar for dåpssakristi,

søndagskulerom, lagerplass, kjøkken og andre serviceroom som trengs for ei moderne kyrkje. Vi skal i avsnitta nedanfor gå nærare inn på desse problema.

Dåp

Det er opp mot 100 dåp i året. Dåpsfamiliane må dele det tronge tilbygget med søndagsskulen si gruppe for dei minste. Eit lite rom er no avsett til dåpssakristi, men der er det i høgda plass for ein-to familiar. Når det er fleire enn to dåp, må dåpsfølgjet og søndagsskulemedarbeidarane finne ut av det med kvarandre i dei hektiske minutta før gudstenesta og undervegs i gudstenesta. Både korridorane, dåpssakristiet, og søndagsskulerommet er overfylte.

Søndagsskulen

Søndagsskulen Løvegjengen har samlingar kvar søndag utanom skuleferiane. Dei har to grupper som fast ordning – ei for born i skulealder og ei for dei under skulealder, og nokre gonger for dei eldste skulebarna. Det har også innimellom vore ei eiga gruppe for ungdomskuleelevar og eldre, knytt meir til ungdomsarbeidet. Dei største barna er i kyrkjestova, som ligg i bakken ovanfor kyrkja eller i gapahuken utandørs. Men for dei minste barna er det viktig med tryggleiken i at foreldra er nære inne på gudstenesta. Nokre gonger, spesielt når mange born frå dåpsfølgjer blir med, kan det vere sprengfullt på søndagsskulen.



Søndagsskulen er svært viktig for Meland kyrkjelyd. Borna er viktige, og viss kyrkja skal gå vidare må borna få opplæring i det dei er døypte til. Men det er også viktig i vår tid med pressa fritid totalt for familiane, at foreldre og barn kan kome saman til gudstenestene. Ein konsekvens av ein stabil og god søndagsskule over mange år i Meland kyrkje er at kyrkjelyden har ei god gruppe med barnefamiljar som går fast i kyrkja. Dette er ikkje veldig vanleg i Den norske kyrkja, og for soknerådet er dette ein viktig verdi. Men søndagsskulen lir under plassproblem. I tillegg er tilgjenge for folk flest dårleg pga geografisk plassering av Meland kyrkje,

og det er berre høgt motiverte medarbeidarar og foreldre, som i tillegg har tilgang på bil, som kan prioritere denne aktiviteten. Det er svært ønskeleg å senke den praktiske terskelen for å delta på søndagsskulen.

Mangel på stad til kyrkjekaffi, kjøkken, lagerplass og arbeidsrom for kyrkjetenar

I Meland kyrkje er det kyrkjekaffi kvar søndag. Frå starten av 2000-talet har kyrkjekaffien vorte halden i kyrkjerommet. Tidlegare, når ein brukte kyrkjestova, var det svært få som nytta tilbodet. No vert eit stort fleirtal av gudstenesteforsamlinga ståande att og bruke litt tid på å prate saman. Vi trur eit slikt tilbod er viktig for dei som brukar det, ikkje minst i eit område der det er få møteplassar. Relasjonar blir pleidd, nye vennskap blir knytta. Det er eit høve til å helse på andre og sørge for at gudstenestefelleskapet faktisk også blir eit sosialt fellesskap.

Men denne løysinga har også mange ulemper. Kyrkjerommet er ikkje beregna for slik aktivitet og slitasjen både på inventar og medarbeidarar merkast. Saft-, kaffi- og smulesøl kjem overalt, det er ikkje til å unngå. Mange ønsker seg bord og stolar til å setje seg ned. Benkane er svært lite eigna for kaffikoppar og slikt. Og kjøkkenfasilitetane kan ikkje kallast eit kjøkken etter vanlege definisjonar. «Kjøkkenet» er på eit lager, som også fungerer som «vaskerom» og pressar kapasiteten i kyrkja sitt tilbygg til det ytterste, i tillegg til problemstillingane nemnt ovanfor. Eit tidlegare toalett for medarbeidarar har vorte teke i bruk som lager for musikklegg og instrument.



Lager, «kjøkken», «vaskerom» og korridor på få kvadratmeter i tilbygget

Kyrkjetenar har veldig dårlege arbeidsforhold. Alt det som er skrive om ovanfor berører kyrkjetenar sine oppgåver. I tillegg er vaskerommet ikkje som det bør vere. Kyrkjetenaren sitt sakristi, som må brukast til lagring, damping av altarkalkar og anna reinhald av altartutstyr, og garderobe, er også eit gjennomgangsrområde for alle andre medarbeidarar.

Utvide tilbygget?

Soknerådet vurderte og søkte om utviding av tilbygget i 2001 og 2008. Kommunen sette av pengar på investeringsplanen for dette tilbygget. Sidan kyrkja er «listeført», må søknadar om endring innom Riksantikvaren og biskop. Begge søknadane

fekk avslag. Då fann soknerådet ut at det ikkje ville bruke meir tid og pengar på dette prosjektet, men heller prioritere innsatsen mot å få ny kyrkje på ein meir sentral plass.

Kyrkjerommet sine manglar

Med ein så aktiv kyrkjelyd som i Meland har også kyrkjerommet klare manglar. Stadig opplever ein at kyrkjerommet er for lite til dei som ønskjer å kome: gudstenester med mange dåp, gudstenester med spesielle innslag som trusopplæringsaktivitetar (for eksempel utdeling av 4-årsbok) og gravferder med yngre avdøde eller avdøde med stort nettverk, pressar kapasiten på sitjeplassar. Brannvesenet set ei grense på 380 deltakarar, men vi kan ikkje fylle opp galleriet pga branntryggleik. I praksis er rommet godt fylt opp med 200 deltakarar og opplevinga er at det er «stu fullt» med 300 deltakarar.



Det er også dårlege forhold og plassproblem for moderne formidlingsformer som bandmusikk, dans, drama. Problemet med kyrkjekaffien er nemnt tidlegare.

Kyrkjelova seier i § 21 at det skal byggast ny kyrkje når «den under vanlige gudstjenester ikke gir tilstrekkelig plass for de kirkesøkende og ikke hensiktsmessig kan utvides.» Det er grunn til å hevde at Meland kyrkje fyller

begge desse kriteria.

Område den nye kyrkja skal dekke

Meland er ein kommune med eit folketal på 8000 og berre ei kyrkje. Dette er noko uvanleg i ein landkommune. Den sterkaste folketilveksten har kome i Frekhaugområdet og dette skuldast først og fremst den geografiske nærleiken til Nordhordlandsbrua, som gir gode moglegheiter for pendling til og frå Bergen. Når det no også går snøggbåt frå Frekhaug kai og rett til Bergen sentrum har attraktiviteten til Frekhaug som bustad for pendlarar auka endå meir. Meland sokneråd har sidan 2003 vore klar på at det er på Frekhaug det må kome ny kyrkje. Andre område kan også ha trong for ei nærare kyrkje, men det må kome lengre nede på prioriteringslista.

Andre kyrkjelege tilbod og bygg

Meland kommune har ei rekkje bedehus. Dei fleste av desse har no lite aktivitet. Unntaket er Frekhaug bedehus, som vart bygd på 80-talet og som etter 2009 har hatt storsamlingar/gudstenester søndag formiddag annakvar veke. Det er også ein del aktivitet i Rosland bedehus, Tveit bedehus og Grasdal bedehus. Tidlegare hadde kyrkja månadlege gudstenester i Frekhaug bedehus og meir sporadiske gudstenester i Husebø bedehus. Desse tilboda har blitt lagt ned, det første dels pga indremisjonen sitt ønske om å bli ein meir sjølvstendig forsamling, det andre pga dårleg oppslutning. Husebø bedehus er no selt.

Norkirken Nordhordland vart formelt danna i 2003, mange medlemmer var tidlegare frivillige medarbeidarar i Meland kyrkjelyd. Etter nokre forsøk på å få til eit samarbeid om nydanning av gudstenestetilbod, vart Norkirken ei løysing på ønsket om eit nytt meir heilskapleg forsamlingstilbod. Norkirken samlar folk frå fleire delar av Nordhordland (spesielt søre delar av Lindås). Norkirken er ikkje del av eit eige kyrkjesamfunn, og vi reknar med at dei fleste medlemmene der også har medlemskap i Den norske kyrkja.

Trass den openberre «konkurransen» frå dei nye forsamlingane har Meland kyrkjelyd klart å oppretthalde eit bra gudstenestebesøk og fått rekruttert nye frivillige medarbeidarar. Dette som resultat av målretta arbeid for kyrkjelydsbygging. Det er no mange fleire som går på gudstenester og liknande samlingar tilsaman enn det var før desse forsamlingane starta opp med gudstenester. Det syner at i eit vekstområde som dette, er det plass for fleire tilbod.

Like fullt kan ein gjere seg tankar om utviklinga hadde vore annleis om det hadde kome eit kyrkjebygg tidlegare på Frekhaug. Slike såkalla «kontrafaktiske» spørsmål er umogleg å svare på.

Kva med Knarvik kyrkje?

I 2015 vart Knarvik kyrkje vigsla. Kyrkjesoknet Alversund har lide under mangel på egna kyrkjebygg i mange år, og dette undertrykket har vist seg igjen i stor aktivitet i det nye kyrkjebygget. Etter at kjellaren også vart teken i bruk sist vår har kyrkja blitt ein sjudagars-kyrkje, med masse ulike aktivitetar som fyller opp lokala.

Det vert hevda frå ulikt hald at Knarvik kyrkje fyller behovet for ny kyrkje for Meland kyrkjelyd, sidan kyrkja ligg berre 5 kilometer frå Frekhaug.

Det er mange argument i mot dette:

For det første er Meland og Alversund ulike kyrkjesokn og vil halde fram med å vere det. Kyrkjesoknet bør henge saman med buområda, skulekretsar og andre forhold som bind saman dei lokale nettverka.

For det andre er Knarvik kyrkje omtrent fullbooka av aktivitetar og har ikkje plass til Meland kyrkjelyd sine aktivitetar i tillegg. På same måten som Nordhordlandshallen ikkje har plass til det som Meland aktiv ikkje kan romme, vil kyrkja i Knarvik om kort tid ikkje ha plass til fleire aktivitetar som melandsfolk måtte ønske eller ha behov for.

For det tredje er det ikkje føremålstenleg å legge aktivitetar til Knarvik når målgruppa bur i Meland. Spesielt for barna, dei yngre ungdommane, innvandrarane og dei eldre vil det ikkje endre situasjonen noko om kyrkjetilbodet kjem i Knarvik samanlikna med Meland. For dei som kan køyre bil, blir køyreavstanden for dei aller fleste som før eller lengre.

For det fjerde, ei ny kyrkje på Frekhaug er ikkje berre for søndagsformiddagsgudstenester. Alle dei andre aktivitetane er minst like viktige for lokalsamfunnet. Desse er det veldig lite tenleg å legge til Knarvik. Frekhaug sentrum har eit sterkt behov for lokale møteplassar. Dette ønskjer kyrkja at eit nytt kyrkjebygg skal bidra med. Kulturdelen skal fylle same behovet.

Erfaringar med Møteplassen

Sidan 2010 har kyrkjelyden leigd lokale som har vorte kalla Møteplassen. Etter 2016 har Møteplassen vore samlokalisert med det nye kyrkjekontoret i bygningen Frekhaug torg sin andreetasje. Lokalet har vore fylt opp av nye diakonale (omsorg- og fellesskapsbyggande) aktivitetar som hovudsakleg frivillige i kyrkjelyden har starta opp: Open Møteplass, som er ein treffstad på dagtid, babysang/småbarnstreff, internasjonalt arbeid med gratis norskkurs og kafè. Det har også vore ein treffplass for ungdomsskuleelevar på Møteplassen Ungdom i Nordgardsløa. I tillegg kjem komitemøter, soknerådsmøte og små møter av andre slag, (bibeltimar, bønne møte, misjonsmøte) utleige til selskap og anna. Lokalet på ca 70 kvm med kjøkkenkrok, toalett/stellerom og stillerom.

Det tiltaket med best jamn oppslutning er babysong, som nokre gonger fyller det vesle lokalet med opptil 25 foreldre og tilsvarende tal på barn. Då er det overfylt. Norskkurset fyller alle kroker og rom i Møteplassen og kyrkjekontoret med ulike grupper av norskelevar og nokre kveldar med spesielt program har også sprengt Møteplassen.



Erfaringa med å ha lokalet knytt til kyrkjekontoret er svært god. Det gjer disponeringa av lokalet og andre tekniske ressursar mykje enklare og samarbeid mellom frivillige og tilsette blir enkelt.

Kyrkjeutvalet

Kyrkjeutvalet (tidlegare kyrkjenemnda) vart første gong sett ned i 2008 av soknerådet. Representantar

og sekretær har ikkje vore dei same i heile den perioden.

Når kommunen ba om endra fokus til eit kyrkje/kulturbygg, endra også kyrkjeutvalet sitt arbeid etter denne bestillinga. Kommunale representantar har vore med i utvalet sidan 2013.

Kyrkjeutvalet sitt mandat og vidare utgreiing.

Frekhaug kyrkje/kulturhus skal hjelpe til å realisere kyrkjelyden sin visjon om å vere **nær menneske**. Til det trengs ei god ramme – eit fleirbrukshus som er nær der fleirtalet av menneska i Meland kommune ofte er innom – Frekhaug sentrum. Dette er kyrkjeutvalet si oppgåve å arbeide for og å planlegge.

Kyrkjelyden sin visjon «Nær menneske» er lett å kombinere med kommunen sin visjon – «Eit samfunn for alle». Difor kan bygget også brukast som kulturhus. Kyrkjeutvalet vil derfor foreslå kommunale funksjoner som kan samordnast i eit kombinert kyrkje og kulturbygg. Det blir då opp til kommunen å vurdere om nokon av desse forslaga er interessante å legge til ei kulturkyrkje. Det blir arkitekten si oppgåve å finne ei utforming på bygget som gjer at det vert inkluderande for alle.

Når bygget står der kan kyrkjelyden og kommunen arbeide vidare med å nå heile visjonen.

Kvifor Frekhaug- liv i sentrum 7-11

At kyrkja vert plassert sentralt i Frekhaugområdet ser kyrkjeutvalet som viktig med følgjande grunngjeving:

Frekhaug, og områda rundt er dei mest utbygde områda av i kommunen. Kyrkja bør ha gangavstand for flest moglege. Spesielt barn, unge, eldre og innvandrarakar treng tilbod med gangavstand.

Det er strategisk rett plassering i forhold til bustadtettleik, utbyggingsplanar og senterutvikling. Bygget bør vere eit strategisk utvikling av nærsenteret Frekhaug i sørre delen av ny Alver kommune.

Eit utbyggingsområde treng eit bygg som kan romme eit mangfald av tilbod som kan skape lokal identitet og tilhøyre, gi folk vennskap og relasjonar, meningsfylte fritidsaktivitetar, opplæring og tenester for andre. Dette er førebyggjande tiltak, som er svært viktig å prioritere. Utan eit slikt bygg må lokalmiljøet rekne med meir sosiale problem blant barn, unge, vaksne, eldre slikt som hærverk, rusmisbruk, vald og anna kriminalitet, psykiske vanskar.

Vi meiner at Frekhaugområdet har behov for plassar til konferansar og liknande.

Frekhaug Senter treng sentrumsfunksjonar utover matbutikkar.

Det er viktig å skape liv i sentrum av bygdebyen også etter arbeidstid og 23.00. At det skjer noko i sentrumsområdet 7-11 (07.00-23.00) eller endå lengre er førebyggjande i seg sjølv.

Kva for bygg tenkjer ein seg?

Kyrkjeutvalet ser for seg eit bygg som er nøktern i materialbruk. I aksen mellom det funksjonelle og det overdådig/prangande ønskjer vi å lene oss mot den funksjonelle sida.

Bygget må likevel ha høg estetisk verdi og kan gjerne vere eit signalbygg. Men viktigare er at bygget kan utvikle seg og vere tenleg i minst resten av dette århundret.

Det er viktigare for kyrkjelyden med eit tenleg kyrkjelydshus enn eit svært påkosta bygg

Det bør vere tenkt på at vedlikehaldet og reinhaldet skal vere overkommeleg.

Kan vi få til å bli pilotprosjekt på lavenergi eller ei plusskyrkje (i samarbeid med KA/kyrkjekonsulenten)? Det kan utløyse prosjektmidlar og lågare lånerente.

Vi ønskjer at andre musikkuttrykk enn dei akustiske får ein arena – spesielt når vi tenkjer på at Knarvik kyrkje har blitt ein god arena for akustiske konsertar.

Moglegheit for inntektsbringande verksemd som f.eks utleige må vere med i både planlegging av romløyising og finansieringsplan.

Behova og romma

Kva behov har kyrkjelyden

- Meland kyrkjelyd treng eit bygg i sentrum som rommar fleire funksjonar
 - Gudstenester
 - Vanlege høgmesse med dåp og nattverd (opp til 250 plassar)
 - Høgtidsgudstenester (opp til 500 plassar)
 - Spesielle gudstenester for konfirantar, barn og unge (opptil 300 plassar)
 - Andre gudstenestelege møter og samlinger (opp til 300 plassar)
 - Gravferder som ikkje Meland (gml) kyrkje rommer (opptil 500 plassar)
 - Venterom/stellerom for dåpsfolket (opp til 30 plassar)
 - Kapell / stille rom / samtalerom for mindre samlingar som bæreandakt, bøn, skriftemål (opp til 70 plassar)
 - Konsertlokale – i kyrkjerommet, elektronisk lyd meir enn akustisk (eit alternativ til Knarvik kyrkje) (opp til 500 plassar)
 - Rom for konferansar, undervisningsrom (mellom anna trusopplæring inkl konfirmasjon) og møterom/grupperom (mellom 10 og 100 plassar)
 - Rom for sosiale samvær alle aldrar, for eksempel seniorsenter, konfirmasjonsselskap, dåpsfester, jubileumsferingar/årsmålsdagar (opp til 100 plassar)
 - Barne og ungdomsavdeling
 - Klubblokale
 - Lokale for dans og drama
 - Studio (lyd og film)
 - Speiding
 - Generelle aktivitetsrom
 - Vrimleområde med ulike funksjoner
 - Kafeteria
 - Garderobar og toalett
 - Sitjegrupper
 - Resepsjon
 - Kyrkjebakke / torg / uteområde
 - Skjerma plass /delvis overbygd der ein kan ha
 - Friluftsamlingar

- Uteservering
- Benker/bord
- Leik
- Kontor for tilsette og frivillige
- Parkering
 - 1 p-plass pr 10. sitjeplass

Romprogram kyrkja sine behov

Type rom	Sum m ² netto	Sum m ² brutto (BTA) Netto x faktor
Vrimleområde	320	400
Lager, teknisk, garderobe, WC, gang, kjøkken	400	500
Kirkerom inkl servicerom	440	550
Kapell	48	60
Kontor	160	200
Barne- og ungdomslokale	400	500
SUM	1 768	2 210

Kva kan vere sambruk?

Meland kommune har signalisert at ein treng møteplassar i Frekhaug sentrum som kan romma ulike kulturfunksjonar: Kyrkjeutvalet har sett på ulike kulturaktivitetar som kan fungere godt i same bygg/tun som kyrkje og til dels dela rom med kyrkja. Kyrkja er svært open for sambruk, viss det er ønska frå andre partar. Her er nokre forslag til felles løysing, anten på kort eller lengresikt:

- Bibliotek (separat)
- Lokale for kulturskulen – (sambruk)
- Fritidsklubb og rom for barne og ungdomsarbeid, konfirmantar (sambruk)
- Vrimleområde og torg (sambruk)
- Kafe - i tilknytning til vrimleområde/torg (sambruk) (Evt i samarbeid med andre?)
- Rom for konferansar /grupperom (sambruk)
- Konsertsal/forsamlingsal/kyrkjerom med fleksibel bruk. (sambruk)
- «Bydels»/bygde-senter
- Eldresenter

Kyrkjeutvalet har utfordra kommunen til å ta stilling til kva kulturdelen kan innehalde, og såg det vanskeleg å planlegge vidare før dette er avklara. Våren 2017 var ei arbeidsgruppe med representantar frå kommune og kyrkje i gang med å sjå på moglegheiter for sambruk og vi viser til innstilling frå denne gruppa frå 06.04.17.

